

Nr	Kommune	Skildring av prosjektet	Kostnad	Omsøkt	Tildeling	Grunngjeving
1	1.Alver kommune	Fire torvhus i Vedneset på Sellevoll, skal settast i stand ved å restaurere grunn-murane i tørrmur. Restaurering av tak.	756 809	120 000	70 000	Eit av dei fire torvhusa har store skader i fundamentet av tørrmur. Område må ryddast for tilveksts av trer som har ført til skade på murane. Det er ønskje å ha kurs i tørrmuring med tørrmurar Håkon Aase knytt til prosjektet. For å ta vare på husa i det vidare må desse sikrast med istandsetting av taket. Kulturverntenesta i Nordhordland har vurdert torvhusa som eit spor etter torvtaking som ein særskilt viktige aktivitet, då torv var brensel gjennom fleire hundre år på vestlandskysten Det er ønskje å formidle torvhusmiljøet ved skilting. Torvhusa ligg innafor omsynssone H570 – Den indre farlei i Lindås kommune.
	<b>SUM ALVER KOMMUNE (1)</b>		<b>756 809</b>	<b>120 000</b>	<b>70 000</b>	
2	1.Austevoll kommune	Tak på treetasje stor lagerbygning, «Trelasten». I Kvalvåg på Stolmen, Handel og gjestgjevarstad.	1 160 000	60 000	40 000	Lagerbygget ligg på ei stor steinkai i hamna på Kvalvåg, og som ein del av gjestgjevarstaden med bevilling frå 1731. «Trelasten» er på om lag 2000 m2 og var bygd i 1890-åra. Steinkaia var bygd framfor i byrjinga av 1900, som eit resultat av auka dampskipstrafikk. Gjstgjevarstaden er omtalt i Kulturmiljøplanen til Austevoll kommune. Den ligg innafor område regulert med omsynssone H570.
	2. Austevoll kommune	Måling av naustet «Brennevinsbua» i Kvalvåg på Stolmen, Handel og gjestgjevarstad.	270 000	80 000	40 000	Naustet er ein del av Handel og gjestgjevarstaden, og er bygd på 1700-talet. Naustet har ei grunnflate på om lag 120 m2, over 3 plan. Naustet er i bra stand men har stort behov for å bli malt. Gjstgjevarstaden er omtalt i kulturmiljøplanen til kommunen som også vil prioritere eigen verneplan for området.
	3. Austevoll kommune	Nytt tak på naust, Hevrøy	500 000	100 000	0	Bygget ligg i eit kulturmiljø med viktig og direkte tilknytning til arbeid med fiskeri. Naustet er sett opp i 1912 og romma i si tid butikk til utrusting av båtar til islandsfiske. Naustet er ikkje registrert, men fell inn under kulturminne og kulturmiljø med vernekategorien B i den lokale kulturmiljøplanen. På grunn av avgrensa tilskotsmidlar vert ikkje tilskot prioritert.

Nr	Kommune	Skildring av prosjektet	Kostnad	Omsøkt	Tildeling	Grunngjeving
	4. Austevoll kommune	Søknad om vedlikehald på Møgster kapell og gravplass	Ikkje oppgitt	50 000	0	Møkster Velforeining søker om støtte til vedlikehald av kapell og gravplass. Kapell og gravplass er ikkje med i den lokale kulturmiljøplanen. Tilskot skal gå til ordinert vedlikehald. Ordinert vedlikehald fell utanom intensjonen for denne tilskotsordning.
<b>SUM AUSTEVOLL KOMMUNE (4)</b>			<b>2 005 000</b>	<b>390 000</b>	<b>80 000</b>	
<b>3</b>	1.Bergen kommune	Restaurering av tak, kjellerdør, vindauger på bygning frå 1751 i kulturmiljøet Rosesmuget.	310 000	310 000	70 000	Huset er frå 1751, ligg på ein open plass nedst i Rosesmuget i Sandviken. Taket er i ein dårleg tilstand og det er råte i vindauga og dørstokk til hovuddør. Området ligg med omsynssone og registrert som eit regionalt kulturmiljø i Bergen kommune sin kulturmiljøplan. Tiltaka er vurdert av og kostnad estimert av kompetent handverkar.
	2.Bergen kommune	Restaurere tak på «Skipshuset», Bymuseet, Gamle Bergen, Bymuseet i Bergen.	1 042 829	230 000	0	Skipperhuset er bygd i 1758 og sto på Nordnes i Nykirkealmeningen 8. Huset vart flytta til gamle Bergen i 1949. Taket på huset er i dag frå gjenreisingsåret 1949 då huset kom til Gamle Bergen. Oppbygging er sutak lekter og takstein, og det tette produktet på taket er taksteinen frå midten av 1800 talet. Arbeidet vert utført av Bymuseet sine egne handverkarar, med unntak av blekkslagar. Museet kan søkje på tilskot frå ordninga <a href="#">museumsløft</a> og vert difor ikkje prioritert.
<b>SUM BERGEN KOMMUNE (2)</b>			<b>1 352 829</b>	<b>540 000</b>	<b>70 000</b>	
<b>4</b>	1.Bømlo kommune	Restaurere tak på Klåven, hytte på Hiskholmen	750 000	60 000	30 000	Klåven, som er ein husmannsplass på Hiskholmen, under Handelsstaden på Hiskholmen, der fleire av bygga er freda. Klåven er ikkje freda, men er ein viktig del av det heilskaplege kulturmiljøet på Hiskholmen. Historia fortel at huset blei flytta frå Mosterhamn. Huset er lafta, og ber preg av forfall. Det blir søkt om midlar til omfattande restaurering og vedlikehald knytt til utvendig panel, vindauge og dører. Det er

Nr	Kommune	Skildring av prosjektet	Kostnad	Omsøkt	Tildeling	Grunngjeving
						bygd i 1920. Huset er omtalt i Kulturmiljøplanen til Bømlo kommune.
	2. Bømlo kommune	Restaurere nothenge, Indre Håvik.	1 600 000	1 600 000	60 000	Notahenget i Indre Håvik er ført opp som eit grindbygg, og konstruksjonen minner om eit tradisjonelt løebygg. Det er mange døme på slike bygg langs kysten, ofte høgreste opne og luftige bygg. Av merka i ulike betar, ser ein at grindene har vore flytta. Nothenga er vurdert som svært verneverdig og er omtalt i kommunen si kulturmiljøplan. Det er blant anna søkt om å restaurere tak, grind, kledning, dører og fundament. Tiltaket er delt opp i ulike prosjekt, utan prioritering. Det regionale tilskotet vert prioritert nytta til delfinansiering av restaurering av tak.
	3. Bømlo kommune	Restaurere skifertak på saltebua «Sundehuset»	137 000	137 000	0	«Sundtahuset» er ei av få saltebuer på Bømlo som står att, med autentisk preg. Bua er i bindingsverk og har ei grunnflate på rundt 350 m <sup>2</sup> i to etasjar, med vindehus på langsida og fire dører mot sjøen. Det blei bygd av Stavangerfirmaet Ploug & Sundt i 1836. Det er to tømra stover og bødkerverkstad i bygget, i tillegg til salterilokale. Losjiromma blei brukt til overnatting for ganejenter og fiskarar. Huset er restaurert og har høg kulturminneverdi. Det blir søkt om midlar til skifte av kledning, Huset ligg innafor omsynssone H570, og er omtalt i kulturmiljøplanen med svært høg verneverdi. På grunn av avgrensa tilskotsmidlar vert ikkje tilskot prioritert.
	<b>SUM BØMLO KOMMUNE (3)</b>		<b>2 487 000</b>	<b>1 797 000</b>	<b>90 000</b>	
5	1. Eidfjord kommune	Restaurering av lemstove	680 000	200 000	80 000	Huset var bygd i 1834. Det ligg innafor KULA-område, og er vurdert av Vestland fylkeskommune ettersynfaring i 2020. Bygningen er ein god representant for byggeskikken på Hæreid og viktig del av det gamle klyngetunet. Lemstova vart det typiske vestlandske bustadhuset på 1800-talet, og mange av desse bygningane er i ferd med å forsvinne.

Nr	Kommune	Skildring av prosjektet	Kostnad	Omsøkt	Tildeling	Grunngjeving
						Bygningsmiljøet og kulturlandskapet på bygdene vert forringa når lemstovene forsvinn.
	<b>SUM EIDFJORD KOMMUNE (1)</b>		<b>680 000</b>	<b>200 000</b>	<b>80 000</b>	
6	1. Fitjar kommune	Restaurere gamlehuset på Hogst.	330 047	122 000	60 000	Autentisk våningshus frå 1839. Det er søkt om å restaurere sør- og vestveggen. Heile huset skal på sikt restaurerast. Huset er ei lemstove med kjøken i midten. Typisk for perioden etter utskifting frå midten av 1800-talet. Vurdert av bygningsvernkonsulent. Ligg inne i kommunen si kulturminneplan, der den er prioritert i klasse A.
	3. Fitjar kommune	Restaurere naust i Vestbøstadvikja	900 000	500 000	70 000	Naustet er eit naust bygd i stein med store skifer heller på taket. Naustet sitt fundament har fått store skader etter stor vassføring i ein bekk som går inn til naustet. Dette har fått store konsekvensar for naustet. Naustet er omtalt i kulturmiljøplanen til Eidfjord kommune, der den er registrert med A-verdi. Det ligg også innafor ei omsynssone for bevaring av sjøbruksmiljø.
	<b>SUM FITJAR KOMMUNE (2)</b>		<b>1 230 047</b>	<b>622 000</b>	<b>130 000</b>	
7	1.Fjaler kommune	På sjøhuset Nilsbua, Hellevika, er det søkt om å restaurere bualoftet, golv og trappeløp	33 250	8 250	8 000	Nilsbua, er ei stor sjøbu som har husa landhandel/ butikk/skipsekspedisjon/lagerrom, skomakarverkstad og bustad i 2.etasjer. Då Hellevika fekk rutestopp i 1895, var bua flytt til. Bua er ei av få som er att av dei store buene som det fantes mange av i Dalsfjorden. Bua er med i kommunen si kulturminneplan (vedtatt i 2019). Omtalt i kulturmiljøplanen.
	2.Fjaler kommune	Restaurering eldhuset på «Lillingstone-heimen»	45 750	10 000	10 000	Grua i eldhuset er ein rekonstruert bakaromn, som vert nytta i samband med kurs i tradisjonsbakst. «Lillingstoneheimen», representerer store og ålment tilgjengelege kulturminneverdiar - både i seg sjølv, og som kjerne i det særskilde kulturmiljøet og -landskapet på Tysselandet. Bygningane på tunet vart i hovudsak oppsett av sorenskrivar Nils Landmark i første halvta av 1800-talet, og var heim for var for den engelske familien Lillingstone i perioden 1880-

Nr	Kommune	Skildring av prosjektet	Kostnad	Omsøkt	Tildeling	Grunngjeving
						1967. Eigedommen er eigd av Fortidsminneforeininga, avd. Sogn og fjordane. Eigedommen er omtalt i Kulturminneplan for kommunen, der den er vurdert som eit viktig kulturminne i kommunen. Omtalt i kulturmiljøplanen.
	3.Fjaler kommune	Restaurering av tak på røykstoveløa, Straumstad	209 375	60 000	25 000	Røykstoveløa er ei grindløe der fjøsen har vore ei komplett røykstove som kan stadfestast tilbake til 1600-talet. Bygningskonsulent har vurdert bygningane i tunet som svært autentiske og heile historia er framleis godt leseleg. Gjenbruk av eldre hus som i dette tilfellet er ei røykstove som kan gå attende til 1600-talet, bidreg til at verneverdien på bruket Straumstad er høg. Vurdert som eit regionalt viktig kulturminne.
	4.Fjaler kommune	Formidlingsprosjekt på Steia	40 000	30 000	0	Det er ønskje om å sette fokus på samanheng mellom forteljarkunst, kulturmiljø og verdiskaping, og å byggje opp ei varig bygningsvernveke for byggfagelevar ved vidaregåande skule. Heile arbeidet vil føregå på historiske Steia gard. Sjølve prosjektet er å setje i stand og restaurere svalgangen til skulebygget på garden. Omtalt i kulturmiljøplanen. På grunn av avgrensa tilskotsmidlar kjem ikkje dette tiltaket med i fordelinga i år.
	<b>SUM FJALER KOMMUNE (4)</b>		<b>328 375</b>	<b>108 250</b>	<b>43 000</b>	
<b>8</b>	Hyllestad kommune	Restaurering av kvernhusmiljøet i Skor	200 000	75 000	47 000	Kvernhusmiljøet i Skor i Hyllestad er eit viktig kulturminne der det er samla fleire kvernhus og ei sag. Vassbruksmiljøet består av fem lafta kvernhus og eit grindbygd vassag. Kvernhusmiljøet ligg tett ved Den Trondhjemske Postvei. Det må no føretakast større utbetring av skadar på bygningsmassen. Miljøet er omtalt i Kulturminneplanen for Hyllestad.
	<b>SUM HYLLESTAD KOMMUNE (1)</b>		<b>200 000</b>	<b>75 000</b>	<b>47 000</b>	

Nr	Kommune	Skildring av prosjektet	Kostnad	Omsøkt	Tildeling	Grunngjeving
9	1.Høyanger kommune	Restaurering av villa i Høyanger sentrum.	1 000 000	1 000 000	0	Det er søkt om tilskot til å restaurere hus som står sentralt i Høyanger. Huset i samsvar med dei eldste funksjonærbustadene i Høyanger frå tida like etter 1916. Det er ikkje dokumentert kva arbeid som skal gjerast eller vedlagt eit kostnadsoverslag med finansiering. Interessant prosjekt, men mangelfull søknad. Førespurnad til kommune og eigar om ettersending av naudsynt dokumentasjon har ikkje resultert i nye opplysningar. Avslag.
<b>SUM HØYANGER KOMMMUNE (1)</b>			<b>1 000 000</b>	<b>1 000 000</b>	<b>0</b>	
10	Kinn kommune	Restaurere deler av taket på løa på Svanøy Hovudgård	1 500 000	400 000	160 000	Svanøy Hovedgård er et viktig kulturminne både nasjonalt og regionalt. Hovudbygningen var freda i 1923. som fleire bygg som høyrer til garden, er løa, «enhetslåven», bygd av Haugianar på Svanøy på midten av 1800-tallet. Ser vi på området ved Svanøy hovudgard som heilskap er dette eit særst verdifullt kulturmiljø med stor tidsdjupne som på ein lett forståeleg og synleg måte fortel om den lange historia det har budd menneske her. Kulturlåven og areala rundt den freda hovudbygningen ligg innafor omsynssone H570. Viktig prosjekt innafor omsynssone i tilknytning til heilskapleg kulturmiljø rundt det freda hovudhuset.
<b>SUM KINN KOMMUNE (1)</b>			<b>1 500 000</b>	<b>400 000</b>	<b>160 000</b>	
11	1.Kvam herad	Omaholmen, restaurering av våningshuset.	177 250	110 000	100 000	Omaholmen er ei lita holme som ligg rett utanfor Oma i Strandebar, heilt sør i Hardanger. Busetnad starta kring 1820, men holmen har vore nytta som resurs for bøndene på Oma lenge før det. Frå først av budde det husmenn og båtbyggjarar. Båtbyggjartradisjonen sto sterkt i dette området. Der har vorte bygd båtar både i fjøra og i dei to nausta på holmen. Både bygningane og kulturlandskapet på holmen, med beiteland og sjøkant, er eit ikonisk kulturminnemiljø som er særst viktig å ta vare på. Det er søkt

Nr	Kommune	Skildring av prosjektet	Kostnad	Omsøkt	Tildeling	Grunngjeving
						om tilskot til å restaurere vindauga og ytterdørene i våningshuset. Videre er det ønske om at H-panner og bølgeblekk skal bytast ut med villskifer og rasta tak. Bordkledning må skiftast og målast, vindauga må restaurerast, og pipa i huset treng vølast. Båtverkstadane treng omsyn, og gamle Strandebermarar (trebåtar) treng restaurerast. Omaholmen er prioritert i kommunen si kulturmiljøplan.
	2.Kvam herad	Restaurering av skytje, Solbakken.	645 212	500 000	0	Bygningane i tunet er godt vedlikehalde, og taka er tekka med ruteheller. Berre helletaket på vedaskykkja er rastaheller. Djup tele vinteren 2021 førte til fundamentsvikt under skykkja, og både helletak og tørrmur må vølast. Vedaskykkja ligg sentralt i tunet og har alltid fylt ein viktig funksjon for dagleglivet på garden, også i dag. Alle dei fem husa i tunet er verneverdige. Skykkja er eit lite og viktig kulturminne plassert midt i tunet i eit kulturmiljø med eldre hus. Søknaden har ikkje blitt sendt gjennom kommunen og fått sin vurdering der. Då den kulturminnet ikkje er omtalt i kulturmiljøplanen til Kvam kommune eller gitt omsynssone H570 for bevaring av kulturmiljø, vert ikkje tiltaket prioritert for tilskot.
	3. Kvam herad	Søknad om å restaurere vatten veg/ røyrgate, Nes gardssag.	459 708	110 000	0	Gardssaga på Nes ligg i ein treetasjes bygning i bindingsverk som blei oppført i 1962. Saga vart driven mekanisk av ein francisturbin nr 524 frå Sørumsand Værksted. Saga på Nes har stor kulturhistorisk verdi både som del av teknologihistoria i sagbruka, som ein del av nærings- og industrihistoria knytt til skogsdrifta langs Hardangerfjorden. Saga inneheld regional verdi og er av nasjonal interesse. Då tiltaket stettar kriteria for tilskotsordninga retta mot <a href="#">tekniske og industrielle kulturminne</a> , er søknaden overført dit.

Nr	Kommune	Skildring av prosjektet	Kostnad	Omsøkt	Tildeling	Grunngjeving
	4. Kvam herad	Søknad om å nytt lagerrom i Forsamlingshus i Ålvik	109 830	109 500	0	Forsamlingshus sentralt i Ålvik. Folkets Hus blei bygd på ny i 1947 etter at det gamle bygget brann ned under andre verdenskrig. Huset er omtalt i kulturmiljøplanen for Kvam kommune. På grunn av avgrense tilskotsmidlar kjem ikkje dette tiltaket med i fordelinga i år.
	5. Kvam herad	Søknad om å nytt kjøken i Forsamlingshus i Ålvik	962 212	321 000	0	Forsamlingshus sentralt i Ålvik. Folkets Hus blei bygd på ny i 1947 etter at det gamle bygget brann ned under andre verdenskrig. Kjøken er viktig for funksjonen som forsamlingshus for innbyggerane i Ålvik. På grunn av avgrensa tilskotsmidlar kjem ikkje dette tiltaket med i fordelinga i år.
	<b>SUM KVAM KOMMUNE (5)</b>		<b>2 354 212</b>	<b>1 150 000</b>	<b>100 000</b>	
<b>12</b>	1. Luster kommune	Skifting av taktekke på hus i Strandsitjarmiljøet i Solvorn.	280 000	140 000	55 000	Det er ønskje om å skifte ut takplatene som var lagt på 1960-talet. Taktekkingsmateriale det er ønskje å bruke er framheva som føretrakt i fagrapporten. Tettstadsmiljøet i Solvorn er regulert med omsynssone H570 med formål bevaring av strandsitjarmiljøet. Det omsøkte tiltaket er i tråd med forvaltingsplan for Solvorn frå 2010.
	2. Luster kommune	Restaurere naustet på husmannsplassen Kvalen.	484 000	150 000	40 000	Kvalen ligg på austsida av Lustrafjorden. Husmannsplassen er veglaus, utan elektrisk straum. Plassen som har hatt busetnad langt tilbake i tid, var fråflytt i 1959 og husmannsplassen gjekk då tilbake til hovudbruket. Husmannsplassen hadde mange ulike bygg som sto fram til 1960: Stovehus, kårhus, fjøs/løe, eldhus, stabbur, utedo, sagbruk, tobakkshus, naust, smie og tørkestove. Restaureringsprosjektet er delt opp i tre prosjekt. Søknaden gjeld delprosjekt 1, naust. Plassen Husmannsplassen.



Nr	Kommune	Skildring av prosjektet	Kostnad	Omsøkt	Tildeling	Grunngjeving
						Kvalen er ikkje særskilt nemnd i Kulturmiljøplanen, men er ein av dei mange husmannsplassane i Luster kommune, som er ein av dei kommunane i Norge med flest husmannsplassar. Plassen er vurdert av fylkeskommunen til å ha regional verdi som kulturmiljø.
	3. Luster kommune	Restaurere takmåleri i Muntehuset.	449 826	349 000	0	Videre arbeid med å restaurere takmåleria i salen i 2.etasje. Muntehuset Ytre Koken, var bygd i 1791, og endeleg utforming fekk det i 1846. Huset var viktig i høve kunsten sin plass i nasjonsbygginga, då den var eit samlingspunkt for denne generasjonen sine kunstnarar. På besøk i Muntehuset malte kunstnaren Johannes Flintoe takmåleria. Huset har vore vurdert freda, utan at stiftinga som eig huset har interesse for det. På grunn av avgrense tilskotsmidlar kjem ikkje dette tiltaket med i fordelinga i år. Vi tilrår eigar å søke tilskot hos <a href="#">kulturminnefondet</a> .
	<b>SUM LUSTER KOMMUNE (3)</b>		<b>1 213 826</b>	<b>639 000</b>	<b>95 000</b>	
<b>13</b>	1.Lærdal kommune	Frilund ungdomshus. Restaurering av dører.	50 000	25 000	25 000	Det er ønskje om å restaurere dei tre dørene i inngangspartiet til Frilund ungdomshus, som har høge kultur- og arkitekturhistoriske verdiar. Den er bygd i minimalistisk nyklassisisme og sto ferdig i 1915, teikna av arkitekt Johan Lindstrøm. Bygget har høg regional kulturminneverdi og er av nasjonal kulturminneinteresse både som objekt og som del av heilskapen i NBI-området på Lærdalsøyri.
	2. Lærdal kommune	Frilund ungdomshus. Restaurering av vindauge.	66 000	33 000	30 000	Det er ønskje om å restaurere 7 mindre vindauge i 1.etasje i Frilund ungdomshus og sette inn vare vindauge i desse. Frilund ungdomshus har høge kultur- og arkitekturhistoriske verdiar. Den er bygd i minimalistisk nyklassisisme og sto ferdig i 1915, teikna av arkitekt Johan Lindstrøm. Bygget har høg regional kulturminneverdi og er av nasjonal

Nr	Kommune	Skildring av prosjektet	Kostnad	Omsøkt	Tildeling	Grunngjeving
						kulturminneinteresse både som objekt og som del av heilskapen i NBI-området på Lærdalsøyri.
	<b>SUM LÆRDAL KOMMUNE (2)</b>		<b>116 000</b>	<b>58 000</b>	<b>55 000</b>	
<b>14</b>	1.Masfjorden kommune	Mølle, Sør Kvingo. Restaurering av tak.	149 750	40 000	20 000	Mølle ved fjorden med kombinert sag og kvern frå før 1850. Påbygd etter kvart med tre etasjar. Turbinkraft frå 1936. Kverna var i drift til fram på 1960-talet, då det var slutt på korndyrking på gardane i kring. Det er lekkasje i taket mellom sag og mølle som er omsøkt no. Sag og mølla på Årbakken er vurdert som eit viktig regionalt kulturminne, og er eit vitne om ei type næring som for nokre tiår sidan var vanleg i dei fleste bygder på Vestlandskysten. I dag er det få att av slike anlegg og er med det eit viktig kulturminne som fortener å bli teken vare på. Området er omtalt i kulturmiljøplanen til kommunen og vurdert med høg verneverdi.
	<b>SUM MASFJORDEN KOMMUNE (1)</b>		<b>149 750</b>	<b>40 000</b>	<b>20 000</b>	
<b>15</b>	1.Sunnfjord kommune	«Haavetun» på Sunnfjord folkehøgskule, Restaurere deler av tak.	16 596 250	50 000	25 000	«Haavetun» var bygd i 1911 for Sunnfjord Ungdomsskule, Bygget er teikna av arkitekt Daniel Johan Muri, som blant anna har teikna fleir kyrkjebygg på Vestlandet. «Haavetun» er bygd i Sveitserstil med innslag frå jugendstil. «Haavetun» spelar ei viktig rolle i bygnings-historia til Sunnfjord kommune, samtidig som den er av regionale interesse. Huset er også ein god og viktig representant for den historiske skuleforteljing lokalt og regionalt. Den er regulert med omsynssone H570. Tiltaket på taket er ikkje spesifisert innafor totalsummen på restaureringsprosjektet.
	<b>SUM SUNNFJORD KOMMUNE (1)</b>		<b>6 596 250</b>	<b>50 000</b>	<b>25 000</b>	

Nr	Kommune	Skildring av prosjektet	Kostnad	Omsøkt	Tildeling	Grunngjeving
16	1. Stord kommune	Restaurere tak på våningshus på Lønning gbnr 37/3.	788 700	394 350	110 000	Garden Lønning var rydda i eldre jernalder og i mellomalderen var garden krongods. Vegen frå Leirvik til Litlabø gjekk tidlegare gjennom tunet. I dag er han ein mykje brukt gang/sykkelveg. Gardstunet og gardshuset, samt løa på Lønning er prioritert i kulturminneplanen. Ligg innafor omsynssone H570.
	2. Stord kommune	Funksjonærbustad, Ramsdalen 2, Stordø Kisgruber, soppangrep.	80 750	60 000	20 000	Det er søkt om tilskot til behandling av hussopp og arbeid etter skade av soppangrep. I tillegg til å vera del av det heilskaplege gruvemiljøet på Litlabø, ligg huset i eit heilt spesielt og rimeleg autentisk kulturmiljø med fem administrasjonsbustadarar, bygde mellom 1910 og 1928. Heile det gamle gruvesamfunnet på Litlabø er inkludert i kommunen sin kulturminneplan, som eit av dei mest særeigne kulturmiljøa i kommunen og regionen. Området ligg med omsynssone H570.
	3. Stord kommune	Funksjonærbustad, Ramsdalen 2, Stordø Kisgruber, restaurere vindauger.	134 500	100 000	0	Tilskotet skal nyttast til å setja i stand dei originale vindauga i huset og byte ut verandadøra og vindauga frå 1970-talet, med typar i samsvar med husteikningane frå 1918. På grunn av avgrense tilskotsmidlar kjem ikkje dette tiltaket med i fordelinga i år.
	4. Stord kommune	Funksjonærbustad, Ramsdalen 2, Stordø Kisgruber, restaurere tak.	477 050	100 000	0	Tilskotet skal brukast til å byte taket. I samsvar med dei kringliggande administrasjonsbustadane, og administrasjonsbygget til gruva, ynskjer eigar å velje takplater som illuderer svarte glaserte takstein. På grunn av avgrense tilskotsmidlar kjem ikkje dette tiltaket med i fordelinga i år.
	5. Stord kommune	Sikre grindverkkonstruksjon på grindløe, Agdestein.	504 317	100 000	0	Tilskotet skal nyttast til å rehabilitera løa og sikra grindverkkonstruksjonen og laftekassane for framtida. Arbeidet skal utførast av byggmeister med omfattande erfaring med restaurering. Lafteverket i stallen har tydelege teikn på å ha

Nr	Kommune	Skildring av prosjektet	Kostnad	Omsøkt	Tildeling	Grunngjeving
						blitt brukt på tidlegare bygg. Laftet i sauefjosen er øksa, noko som kan tyda på at det er langt eldre enn frå 1795. Løa på Agdestein ligg i eit av seks viktige landbruks- og kulturlandskapsområde i kommunen. Det ligg innafor omsynssone H570. Etter kommunen sin prioritering og avgrense tilskotsmidlar kjem ikkje dette tiltaket med i fordelinga i år.
	<b>SUM STORD KOMMUNE (5)</b>		<b>1 985 317</b>	<b>754 000</b>	<b>130 000</b>	
17	1. Sveio kommune	Takarbeid på tinghuset, Førde.	440 000	170 000	70 000	Søknaden gjeld eit delprosjekt med omlegging/tetting av taket, der det er lekkasje. Eternitplatene som er på taket i dag skal fjernast, og det skal leggjast opp tegl slik det opphavleg har vore. Arbeidet skal utførast av byggmeister Arne Nilsen Jr, som har dokumentert erfaring med antikvarisk restaurering. Førde bygdelag søkte òg om tilskot i 2022, men fekk avslag fordi det var mange søkjarar med høgare prioritering. No har dei fått tilsegn om tilskot frå Kulturminnefondet og har styrka søknaden ved å ha ein god plan for vidare arbeid og god forståing for kva prosjektet krev. Tinghuset ligg med omsynssone H570.
	2. Sveio kommune	Restaurere fasade og pipe på sjøhus, Valevåg.	1 108 435	332 000	100 000	Sjøhuset frå 1910 har høg grad av autentisitet og er einaste i sitt slag i Sveio. Bygget har leilegheit i 2. etasje og opphavleg butikklokale/lager i første. Det ligg i eit område som er sterkt prega av utbygging, og er det einaste historiske bygget som er bevart i miljøet. Ved ny bruk skal bustaddelen oppgraderast, medan lokalet i første etasje skal nyttast som eit enkelt selskaps/forsamlingslokale. Søkjar har hatt kontakt med kommunen gjennom heile prosessen og har vist vilje til å tilpassa prosjektet til krav og ønske frå kommunen. Helletak og pipe blir bevart. Alle vindaug- og dørøpningar blir bevart. Prioritert med omsynssone i kulturminneplanen for Sveio kommune.

Nr	Kommune	Skildring av prosjektet	Kostnad	Omsøkt	Tildeling	Grunngjeving
	3. Sveio kommune	Takarbeid på våningshus, Eidsvåg.	510 862	150 000	0	Søknaden gjeld restaurering av skifertak på eit våningshus på Eidsvåg, Tittelsnes. I SEFRAK-registeret er byggjeår sett til 1800-talet, utan nærare tidfesting. Både våningshus og uthus er bevart i original stand med sjeldan flotte helletak, der hellene truleg kjem frå lokalt skiferbrot på Tittelsnes. At store skiferheller er nytta på våningshus og ikkje berre på uthus er særmerkt for området. Også takforma utan takutstikk i gavlane er bevart, og viktig for det heilskaplege uttrykket. Prioritert i kommunen sin kulturmiljøplan med omsynssone H570. På grunn av avgrensing tilskotsmidlar og etter kommunen sin prioritering, kjem ikkje dette tiltaket med i fordelinga i år.
	4. Sveio kommune	Sikre tak og yttervegg på løe, Nesheim.	1 108 435	100 000	0	Løa er del av eit tun med våningshus og eldhus. Bygningane er i dårleg stand og eigedomen har nye eigarar som planlegg å setja i stand heile tunet. Dei har tidlegare fått tilskot til, og starta arbeidet med, restaurering av eldhuset. Løa er truleg frå første del av 1900-talet og er såleis ikkje SEFRAK-registrert. Søknaden gjeld sikring av bygget ved å skifta ut eksisterande bølgeblekkplater og montera ny trykk-impregnert kledning. Søkjar ønsker ikkje å tilbakeføre taket til opphavleg tekking (teglpanner), då det skal monterast solcellepanel på taket. Hovudtema for omsynssona tunet ligg i er krigsminne. Etter kommunen sin prioritering og avgrensing tilskotsmidlar kjem ikkje dette tiltaket med i fordelinga i år.
	<b>SUM SVEIO KOMMUNE (4)</b>		<b>3 167 732</b>	<b>752 000</b>	<b>170 000</b>	
<b>18</b>	1. Tysnes kommune	Rekketun, samanbygde hus i rekke. Restaurering av kledning og vindauge.	343 500	150 000	75 000	Bygningane ligg i rekkje med fleire samanbygde hus. Storstova vart bygd i 1599 og er blant dei eldste bevarte bygningane i kommunen. Omsøkt tiltak er ny kledning og arbeid låvevegg og framside av stabbur. Hardangerheller og restaurering av låvebru. Restaurering av vindauge på hovudhuset og stabbur, kitt, fals og maling, glas med

Nr	Kommune	Skildring av prosjektet	Kostnad	Omsøkt	Tildeling	Grunngjeving
						blyinnfatning. Opparbeiding av parkeringsplass med duk og grus. Rekkjetunet er eit kulturminne med høg lokal verdi og den er omtalt i kulturminneplanen. Det regionale tilskotet vert prioritert til restaurering av vindauge.
	<b>SUM TYSNES KOMMUNE (1)</b>		<b>343 500</b>	<b>150 000</b>	<b>75 000</b>	
<b>19</b>	1.Vik Kommune	Restaurering av torvtak og fasade, Borgstova i Vik.	555 000	100 000	40 000	Borgstova var bygd i 1864. Den var bustad for tenestefolk på garden Sjøtun. Huset er bygd i vinkel 18m x12m, og framstår som autentisk. Det blir brukt som festlokale av bygdefolket og har vore nytta til ulike formidlingsprosjekt knytt til mattradisjonar og omvising for turistar. Borgstova er prioritert i kommunen sin kulturmiljøplan.
	<b>SUM VIK KOMMUNE (1)</b>		<b>555 000</b>	<b>100 000</b>	<b>40 000</b>	
<b>20</b>	1.Voss herad	Utarbeiding av restaureringsplan for Voss Mylna.	125 000	125 000	60 000	Huset vart oppført som beinmølle i 1900, og sidan utvida til kornmølle i fem høgder. Det var ordinær drift i mylna fram til 1970. Voss kommune overtok bygget i 1977, og i 1995 vart det overført til Stiftinga Voss mylna. Stiftinga fekk i 2021 tilskot frå fylket til å utarbeida ein tilstandsrapport. Denne rapporten vart laga av Alexander Günther ved Hardanger og Voss museum i 2022. På grunn av storleiken og plasseringa, er restaurering av Mylne eit svært omfattande og krevjande arbeid. Stiftinga ynskjer difor å få utarbeida ein grundig restaureringsplan før dei går vidare. Bygget er prioritert i Voss herad sin nye kulturmiljøplan.
	2.Voss herad	Restaurering av steinmur ved Skiple kyrkjegard, Raundalen.	100 000	100 000	50 000	Kyrkjegarden vart innvigd rundt 1800 for å bøta på problemet med lang veg frå Raundalen til kyrkja på Vangen. I dei 120 åra fram til ny Raundalskyrkja vart bygd på Øyefloten, vart gravlagd omlag 571 menneske på dette målet med jord; mellom anna sju rallarar som døydde under arbeidet med bygginga av Bergensbanen. Dei fleste gravsteinar er no borte. Det står eit lite klokketårn på kyrkjegarden, som er omringa av ein steinmur. Eit parti av muren er no i ferd med

Nr	Kommune	Skildring av prosjektet	Kostnad	Omsøkt	Tildeling	Grunngjeving
						å rasa ut i elva nedanfor og det lokale sogelaget har tatt initiativ til å få han restaurert. Kyrkjegarden er prioritert i kulturmiljøplanen. Gravplassen er privat eigd. Generelt vedlikehald blir utført på dugnad av sogelaget. Kyrkjegarden er omtalt i Voss sin kulturmiljøplan.
	3.Voss herad	Varevindaug i storsalen til Valhalla, Bolstadøyri.	195 000	195 000	0	Ungdomshuset vart bygd på dugnad i 1924. Teikna av Magnus Dagestad. Bygget har vore bygda si storstove og brukt til møter, konfirmasjonar, bryllaup osv. Taket vart vøla for 10-15 år sidan, men vindauga treng no til oppgradering. Laget har innhenta tilbod hjå møbelsnikkar Jørn Styve på Evanger til å restaurera og oppgradera vindauga med varevindaug. Bygget er ved ein glipp ikkje prioritert i Voss herad sin nye kulturmiljøplan, men kvalifiserer på alle måtar. Då det er avgrensa av tilskotsmidlar kjem ikkje dette tiltaket med i fordelinga i år. Kommunen sin prioritering har vore førande.
	4.Voss herad	Skifte kledning og male huset Jaunsen gjestgjeveri, Granvin.	475 000	225 000	0	Jaunsen gjestgjeveri, som er samansett av tre bygg datert i 1726, 1759-1785, er ein synleg og markant del av Granvin sentrum. I tillegg er dette ein samlingstad for Gravensarane der det vert lagt til rette for ulike arrangement og konsertar. er omtalt i kommunen sin kulturmiljøplan. På grunn av storleiken på tilskotsmidlar kjem ikkje dette tiltaket med i fordelinga for i år.
	<b>SUM VOSS KOMMUNE (4)</b>		<b>895 000</b>	<b>645 000</b>	<b>110 000</b>	
21	1.Øygarden kommune	Restaurering av tak sveitservilla, Brattholmen	1 598 530	200 000	80 000	Brattholmen gjestgjevar- og handelsstad. Hovudhuset i sveitserstil var bygd i 1891. Der var det butikklokale, postopneri, rom for overnatting og den private bustaden til eigaren. Huset var seinare bruk til skule for jenter, feriekoloni, internasjonal skule og privat bustad frå 1982. Det er søkt om tilskot til å restaurere taket som lek på fleire stader. Lekkasjen får konsekvensar for interiøret. Taktekket er i Valdres lappskifer. Hovudhuset er i stor grad autentisk og

Nr	Kommune	Skildring av prosjektet	Kostnad	Omsøkt	Tildeling	Grunngjeving
						kommunen vurderer Brattholmen til å ha stor kulturhistorisk verdi og er omtalt i kommunen sin kulturmiljøplan.
	2. Øygarden kommune	Demontering av nordleg laftekasse, lemstove Ormevik	180 000	60 000	30 000	Lemstova i Ormavika sin eldste del er truleg frå seint 1700-tal tidleg 1800-tal, og er eit av dei eldste ståande bygga i Øygarden kommune. Bygget skal totalrestaurerast etter antikvariske prinsipp, og arbeidet er delt inn i fleire fasar. Dei mottok midlar på kr 50 000 i fjor for utbetring av grunnmur. I år er det søkt om tilskot til arbeid med å sikre, demontere, transport og lagre den nordlege delen av laftekassa. Huset skal restaurerast tilbake opphaveleg utsjånad ca. 1850. Lemstova er ikkje nemnt i gjeldande kulturminneplan, men Øygarden kommune har formulert eiga anbefaling der dei presiserer at kulturminneverdien er høg. Fylkeskommunen er samd i vurderinga til kommunen.
	SUM ØYGARDEN KOMMUNE (2)		1 778 530	260 000	110 000	

61 søknader fordelt på 20 kommunar. Til fordeling kr.1 700 000

Kommunar	Søknad	Kostnad	Omsøkt	Tildeling
21	49	30 695 177	9 850 250	1 700 000

  

Nr.	Kommune	Tilskot
1	Alver	70 000
2	Austevoll	80 000
3	Bergen	70 000
4	Bømlo	90 000
5	Eidfjord	80 000
6	Fitjar	130 000
7	Fjaler	43 000
8	Hyllestad	47 000
9	Høyanger	0



10	Kinn	160 000
11	Kvam	100 000
12	Luster	95 000
13	Lærdal	55 000
14	Masfjorden	20 000
15	Sunnfjord	25 000
16	Stord	130 000
17	Sveio	170 000
18	Tysnes	75 000
19	Vik	40 000
20	Voss	110 000
21	Øygarden	110 000
<b>SUM</b>		<b>1 700 000</b>